

---

Saknr: 2020/676-1  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020

## Konsekvensar av å fjerne bom på sideveg for E39 Svevatjørn-Rådal og Rv555 Sotrasambandet - Uttale

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune viser til uttale frå fylkesutvalet i Hordaland i september 2019 om bom på sideveg. Etter fylkesutvalet si meining viser Statens Vegvesen si utgreiing at det vil gje store negative samfunnsøkonomiske konsekvensar ved å ikkje etablere bom på sidevegane for desse sambanda. Fylkesutvalet i Vestland stadfester difor tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune den 19. september 2019 om bom på sideveg, og vil ikkje gje tilslutnad til å greie ut å ikkje innføre bom på sideveg for rv. 555 Sotrasambandet og E39 Svevatjørn - Rådal.

### Samandrag

Samferdselsdepartementet kom i brev datert 18. juni 2019 med innstramming i bruk av bom på sideveg. Grunngevinga er at slik innkrevjing gir dårlegare samanheng mellom betaling og nytte. På oppdrag frå Samferdselsdepartementet har Statens Vegvesen utgreidd konsekvensar av å ikkje etablere bom på sideveg på dei to aktuelle prosjekta i Hordaland som er vedtekne. Dette gjeld rv. 555 Sotrasambandet og E39 Svevatjørn - Rådal. Fylkesutvalet i Hordaland gav i september 2019 ei uttale på generelt grunnlag om fjerning av bom på sideveg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Dina Lefdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Samferdselsdepartementet kom i brev datert 18. juni 2019 med innstramming i bruk av bom på sideveg. Grunngevinga er at slik innkrevjing gir dårlegare samanheng mellom betaling og nytte. Det er lagt opp til at ein no ikkje kan planleggje med bruk av bom på sideveg i framtidige prosjekt eller i prosjekt som er under planlegging. Trafikantane skal sikrast aukande grad av gratis omkøyingsvegar. Det er samstundes lagt opp til at om særlege høve tilseier bom på sideveg, skal saka bli lagt fram for departementet på eit tidleg tidspunkt.

Vidare har departementet bedt Statens Vegvesen(SVV) og Nye Veier AS gjennom brev datert 15. august 2019 om å gå igjennom prosjekt som har vedteken bom på sideveg, for å sjå på moglegheitene for å fjerne desse. I vurderinga bør det m.a. gå fram kva dette vil bety for trafikkmønster, tryggleik, miljø og økonomi i kvart prosjekt. Det er samstundes presisert at ei slik endring føreset at garantisten for bompengelånet aksepterer ei slik endring, dvs. dei aktuelle fylkeskommunar.

Statens Vegvesen (SVV) har i notat «Konsekvensar ved å ta vekk bom på sideveg i vedtekne prosjekt» datert 19.12.2019, vurdert konsekvensane for prosjekta «E39 Svevatjørn - Rådal» og «Rv. 555 Sotrasambandet». I brev datert 20. desember 2019 ber dei Vestland fylkeskommune om å ta stilling til om konsekvensane ved å fjerne bom på sideveg i dei to prosjekta er akseptable, og om ei avklaring om fylkeskommunen ønskjer å fjerne bom på sideveg i dei konkrete prosjekta. Dei ber også om å få innspel på eventuelle føresetnader for endringar av dei vedtekne bompenggeopplegga.

Brevet frå Statens Vegvesen og utgreiinga følgjer vedlagt.

På grunnlag av eventuell prinsippvedtak og innspel frå Vestland fylkeskommune vil Vegdirektoratet gje ei oppsummerande tilbakemelding til Samferdselsdepartementet. Om Vestland fylkeskommune og Samferdselsdepartementet går inn for å fjerne bom på sideveg i eit eller begge prosjekta, vil saka bli utgreidd og bli sendt over til garantistane for endeleg tilslutnad. Det blir vidare nemnt at det kan vere aktuelt å gjere tilleggsutgreiingar av trafikken for rv. 555 Sotrasambandet, og at ein må rekna med å bidra i utgreiingar av moglege trafikkkavvisande tiltak på sidevegane.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har etter Reglement for folkevalde organ og delegering, kompetanse til å gjere vedtak i høyringssaker, jf. pkt 6.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Om det blir stor inntektssvikt i bompengepakken, kan fylkeskommunen sitt garantiansvar bli løyst ut. Det kan få store og alvorlege konsekvensar for fylkeskommunen si økonomi.

**Klima:** Klimagassutsleppa frå trafikken er forventast redusert som følgje av nye og betre vegar med betre framkome. Om trafikken vil velje sideveg, vil det føre til at denne vinsten ikkje blir realisert.

**Folkehelse:** Utslepp, støy og andre miljøproblem knytt til trafikken på dagens vegar er føresett reduserte som følgje av ny E39 Svevatjørn-Rådal og rv. 555 Sotrasambandet. Om det fortsett blir stor trafikk på dagens vegar, blir desse positive effektane ikkje realiserte langsetter dagens vegar.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Tidlegare vedtak

Samferdselsdepartementet bad i brev datert 15. august fylkeskommunane om å uttale seg til korleis fylkeskommunane stiller seg til fjerning av bom på sidevegar ut i frå at fylkeskommunane er garantist for dei aktuelle prosjekta, samt i mange tilfelle vegeigar for sidevegen. På grunnlag av dette gjorde fylkesutvalet i Hordaland slikt vedtak 19.09.2019 (PS 181/2019);

1. Fylkesutvalet er samd i at bom på sideveg bør unngåast, og berre førekomme der det er naudsynt for å realisere hovudprosjektet og for å unngå store konsekvensar for trafiktryggleik og miljø grunna omfattande trafikklekkasje til sideveg.

2. Fylkesutvalet viser til tidlegare analysar av Statens Vegvesen som viser til at det kan bli stor trafikklekkasje om ikkje vedteke bommar på sideveg vert realiserte for prosjekta E39 Svevatjørn - Rådal og Rv. 555 Sotrasambandet. Fjerning av bommane vil kunne føre til sterkt svekka måloppnåing ved at trafikkarbeidet ikkje blir redusert, at framkomsten i mindre grad vert betra, lågare reduksjon i ulukker og fortsatt støy og forureining langs gamlevegen. Det vil også gje meir slitasje på omklassifisert fylkesveg som igjen vil auke behovet for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet. Bortfall av bompenginntekter vil også føre til auka takstar og/eller lenger bompengperiode. Fylkesutvalet meiner at det difor ikkje er grunnlag for å endre bomplassing på desse to sambanda.
3. Garantivedtaka i fylkestinget til E39 Svevatjørn- Rådal og til Rv. 555 Sotrasambandet er gitt med føresetnad om bom på sideveg. Om denne føresetnaden blir fjerna, bryt dette med fylkestinget og Stortinget sine føresetnader for godkjenning av prosjekta. Fylkeskommunen kan i så fall ikkje lenger stille som garantist for bompengelåna.
4. For framtidige prosjekt må det framleis vere mogleg å innføre bompengar på sideveg når trafikklekkasjen vil kunne redusere moglegheita for samfunnsøkonomisk måloppnåing for ny veg og for å kunne finansiere hovudprosjektet. Fylkesutvalet viser i denne samanheng til NTP 2018-2029 der prosjekta E16 Arna -Voss og E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset ligg inne med delvis bompengfinansiering. For desse prosjekta vil bom på sideveg med all sannsynlegheit vere naudsynt for å realisere prosjekta og for den samfunnsøkonomiske måloppnåinga som prosjekta skal realisere. Vidare analysar må klargjere om dette også er naudsynt for E134 Seljestad-Røldal-Vågslid.

### **Statens Vegvesen sine vurderingar**

SVV har rekna ut konsekvensar for trafikken ved bruk av regional transportmodell (RTM). Grunna at innkrevjinga ikkje har starta, peiker SVV på at det er stor usikkerheit knytt til trafikkberäkningar og konsekvensane som vert omtala.

Statens Vegvesen har rekna på inntektstap ved å ta vekk bom på sideveg. Det er føresett at gjennomsnittstakst (gjennomsnittleg inntekt per passering) som vedteke i stortingsproposisjonane for prosjekta vil gjelde. Det er teke utgangspunkt i 2014-prisnivå, som er det prisnivået som vart grunnlag for Stortinget sine vedtak for prosjekta. For E39 Svevatjørn - Rådal har SVV både rekna med 18 års nedbetalingstid og 20 års nedbetalingstid. 20 år er lengste nedbetalingstid som blir akseptert. For rv. 555 Sotrasambandet er det allereie lagt til grunn 20 års innkrevjingstid.

Nytteprinsippet inneber at dei som betalar bompengar skal ha nytte av det vegprosjektet som bompengane finansierer. Samtidig må dei som har nytte av vegprosjektet som bompengane finansierer, vere med å betale. Dei to prosjekta, Rv. 555 Sotrasambandet og E39 Svevatjørn - Rådal, er ikkje heilt samanliknbare for korleis bomstasjonane på sidevegane svarar til nytteprinsippet, noko som også er teke omsyn til i dei respektive stortingsproposisjonane.

### **Rv. 555 Sotrasambandet**

I Prop. 41 S (2017-2018) er det vedteke at bompengar skal krevjast inn i to bomstasjonar, plassert ved ny og gamal Sotrabru i Fjell kommune. Det er lagt opp til ein gjennomsnittstakst på 40,50 kr og tovegs innkrevjing.

Rv. 555 Sotrasambandet omfattar fleire tunnelar, bruer og veg i dagen og det skal byggast mange kryss frå nytt samband til dagens veg. Det er følgeleg ikkje to parallelle vegsamband, der trafikantane kan velje å køyre enten nytt samband eller den gamle sidevegen. Dersom ein tek vekk bomstasjon som er vedteke plassert ved den gamle Sotrabrua (sidevegen), vil store delar av gjennomgangstrafikken kunne få nytte av det meste av den nye veggen Rv. 555 Sotrasambandet (opptil 7-8 km), for så å svinge av ved Arefjord og Drotningvik og køyre den gamle sidevegen (1-2 km) over gamal Sotrabru med formål om å sleppe å betale. Dette gjer at dersom ein tek vekk bom på sideveg for Rv. 555 Sotrasambandet, kan ein hevde at nytteprinsippet vil vere svekka grunna at mange kan får nytte av prosjektet utan å betale. Sjå kart under for korleis nytt Rv. 555 Sotrasamband er planlagt med kryss til dagens veg:



Figur 1 Kart over Rv. 555 Sotrasambandet. Raud tjukk linje marker nytt Sotrasamband med tunnelar (stripla linje) og veg i dagen (heil strek). Dei raude prikkane er kryss til dagens veg. Dei svarte prikkane markerer bomstasjonane ved ny og gammal Sotrabru.

Tilhøva på dagens Sotrabru er venta å verte vesentleg betre når nytt samband opnar for trafikk med det vedteke bompenggeopplegget. Trafikkberekningane syner at trafikken vil gå ned frå dagens nivå på 27 600 til under 3 000 på den gamle Sotrabrua. Eit slikt trafikknivå er meir tilpassa standarden på brua. I tillegg må det gjerast vesentlege oppgraderingar og rehabiliteringar av den gamle Sotrabrua, når nytt samband er bygd. Dette må gjerast for at lokal- og kollektivtrafikken skal kunne nytte denne i framtida, slik at også dei som nyttar gamal Sotrabru kan seiast å ha nytte av utbetringane. Lokaltrafikken på strekninga mellom Arefjord og Drotningstvik vil også få nytte av vegprosjektet Rv. 555 Sotrasambandet, når trafikantane skal vidare på det nye vegen frå Drotningstvik mot Stora-vatnet eller frå Arefjord mot Straume og Kolltveit.

Det vart gjort utgreiingar av fleire bompenggeopplegg for Rv. 555 Sotrasambandet før endeleg lokalpolitisk behandling. Det å tette alle dei små omkøyringsmoglegheitene heilt krev mange bomstasjonar, både på ny veg og gammal veg

På delstrekninga mellom Bildøy og Straume vil den nye vegen følgje dagens veg. Men trafikken er vesentleg lågare her enn over Sotrabrua, og vil føre til at mange trafikantar i eit slikt system vil få nytte av prosjektet utan å være med å betale. Statens Vegvesen rår difor ikkje til at det vert sett på ei ny bomstasjonsplassering.

For Rv. 555 Sotrasambandet har SVV ikkje gjort nye utrekningar av endringar i samfunnsnytta av prosjekta men peiker på at denne vil gå ned m.a- grunna at ein ikkje vil få dei same innsparinga i reisetid

Det er gjort utrekningar ved regional transportmodell (RTM) for korleis trafikken vil fordele seg med og utan bom på sideveg.

Årsdøgntrafikk (ÅDT)	Dagens Sotrabru	Ny Sotrabru	Totalt - betalende trafikk
Teljing 2018	27 596	-	
Trafikk føreset i Prop. 41 S (2017-2018) i opningsåret	2 785	21 895	24 680
Trafikk utan bom på sideveg	27 659	709	709

Resultata frå RTM-utrekningane er usikre, og modellen tek i følgje SVV i for lita grad omsyn til at mange vil velje ny Sotrabru om det blir lange køar på gamal bru. Utrekningane viser likevel at dei langt fleste truleg vil velje gamal Sotrabru om det ikkje vert bomstasjon på denne. Dette vil også føre til at dei totale bompenggeinntektene vil falle dramatisk og kanskje ikkje dekke særleg meir enn


innkrevjingskostnadene. Unntaket vil vere i ein periode grunna at gamal bru er føresetst stengt ein periode for vedlikehald.

Det er vidare vist til at forventta ulukkesfrekvens vil kunne bli nær dobla ved berre bom på nye Sotrabru grunna at gamal veg er mindre trafikksikker. Vidare er det lagt til grunn at ny veg skal redusere støy og klima- og miljøutslepp. Dette vil ein ikkje oppnå om det vert bygd ny veg.

### E39 Svegatjørn-Rådal

I Prop. 134 S (2013-2014) er det lagt opp til at bompengar skal krevjast inn i tre bomstasjonar som skal plasserast på kommunegrensa mellom Os og Bergen. Innkrevjinga skal skje på ny E39 i Endelausmarka, på eksisterande E39 ved Bahus og på fv. 163 ved Djupvik. Det er lagt opp til ein gjennomsnittstakst på 39 kr og tovegs innkrevjing.

Den nye vegen E39 Svegatjørn - Rådal vil ha parallelle sidevegar mellom Bergen og Os utan mange kryss mellom. Kartet under viser ny veg mellom Svegatjørn i Bjørnafjord kommune og Rådal i Bergen kommune (svart strek).



Gjennomgangstrafikken som vel å køyre på eventuelle bomfrie sidevegar, gammal E39 og fv. 163, vil ikkje få direkte nytte av den nye vegen. I Prop. 134 S (2013-2014) er det likevel lagt til grunn at dei som køyrar på gamal E39 får nytte ved at årsdøgntrafikken går ned på denne sidevegen. Trafikktryggleik, framkome og miljø vert som ein konsekvens betre på denne vegen når den nye vegen E39 Svegatjørn - Rådal opnar for trafikk.

På fv. 163 er det derimot ikkje venta ein særleg nedgang i trafikk av betydning, og trafikantane får difor heller ikkje indirekte nytte av det nye vegprosjektet slik trafikantane på gamal E39 vil gjere. Det vart difor i stortingsproposisjonen vedteke å gjere utbetringstiltak på denne sidevegen. Region vest føreset at dersom ein tek vekk bomstasjon på fv. 163, så kan ein redusere

prosjektkostnadane tilsvarande kostnadane for dei planlagde utbetringstiltaka (41 mill 2014-kr) om bom på sideveg vert endra.

Det er også gjennomført RTM-utrekningar for E39 Sveгатjørn-Rådal. Desse viser følgjande:

Årsdøgntrafikk (ÅDT)	Fv. 158 Fanafjellet	Dagens E39	Ny E39	Totalt - betalande trafikk
Telling 2018	2 343	13 122	-	
Trafikk føresett i Prop.134 S (2013-14) i opningsåret	500	1 400	13 000	14 900
Trafikk utan bom på sideveg (RTM-berekingar)	1 700	3 100	10 000	10 000

Trafikkutrekningane viser at ein vesentleg del vil velje å køyre om dagens vegar fv 158 og E39 om desse sidevegane ikkje har bomstasjon. Denne vil rett nok vere mindre enn trafikken som er i dag. SVV peiker på at modellen neppe fangar opp m.a. at det vil bli betre framkome på dagens E39, og at det kan føre til at fleire vel denne vegen enn det som modellen bereknar.

Det er rekna at betalande trafikk vert redusert med om lag 30 pst. Sjølv ved å trekkje frå tilskot til utbetring av fv. 163 og ved å fjerne oppsetting og drift av to bomstasjonar, vil det vere eit ytterlegare behov for tilskot på 500 mill. kr. ved å halde på 18 års innkrevjing, og 230 mill. kr. ved 20 års innkrevjing.

Også her kan ein forvente høgare ulukkestal ved at det ikkje blir bom på sideveg enn med bom, då eksisterande vegnett har lågare standard og dermed høgare risiko. Det er skuletrafikk på det meste av det eksisterande vegnettet.

Ein vil heller ikkje få dei venta vinstane i form av redusert støy og forureining.

#### Eventuelle trafikkregulerande tiltak på sideveg

Dersom det vert gjort vedtak om å fjerne bom på sidevegane, kan det gjerast trafikkregulerande tiltak på sidevegane for å sikre at ein større del av gjennomgangstrafikk vil velje ny veg, og for å redusere ulempene knytt til trafikktryggleik og miljø. Aktuelle tiltak kan vere å lysregulere, setje ned fart og bygge fartshumpar.

SVV har ikkje greidd ut og føreslått trafikkavvisande tiltak på E39 Sveгатjørn - Rådal i dette notatet, då det vil vere fylkeskommunen som vegeigar for sidevegane som har ansvar for å vurdere tiltak etter at bompenggeinnkrevjinga er sett i gang.

For prosjektet Rv. 555 Sotrasambandet nemner SVV moglegheita for forbod mod gjennomkøyring, men meiner dette vil vere vanskeleg og ressurskrevjande å handheve då det vil vere mykje lokaltrafikk på strekninga. Vidare kan ein stengje den gamle Sotrabrua for trafikk utanom kollektivtrafikk, men dette vil forverre tilhøva for bebuarar på strekninga. Lysregulering i lokale T-kryss mellom Arefjord og gamle Sotrabru kan bidra til at lokaltrafikken vert prioritert, men det vil kunne skape kø for gjennomgangstrafikken, noko som også vil føre til at kollektivtrafikken vert forsinka.

#### Vurderingar

Fylkesrådmannen viser til dei vurderingar som vart gjort i fylkesutvalet i Hordaland i september 2019 om fjerning av bom på sideveg. Vidare til bompenggeproposisjonane både for Rv. 555 Sotrasambandet og for E39 Sveгатjørn - Rådal der det er vist til at nytteprinsippet vert ivareteken ved dei tiltaka som er iverksette.

Fylkesrådmannen er einig med SVV om at fjerning av bommane på sidevegane vil kunne føre til sterkt svekka måloppnåing og redusere samfunnsøkonomiske vinsten som dei nye vegane er tenkt å skape ved betre framkome, mindre ulukker og mindre støy og forureining langs gamlevegen. I tillegg vil trafikk på gamlevegane vil gje meir slitasje, som krev meir til drift og vedlikehald. Bortfall av bompenggeinntekter vil også føre til auka takstar og/eller lenger bompenggeperiode, og at det vil vere ein stor fare for at fylkeskommunen sitt garantiansvar vert utløyst.

Særleg for Sotrasambandet viser utgreiinga frå SVV at det vil vere heilt naudsynt med bom også på gamle Sotrabru, då mange kan ha nytte av prosjektet utan å betale. Det vil ikkje vere føremålstenleg å t.d. stengje Sotrabrua for anna trafikk enn kollektivtrafikk eller forbod mot gjennomkøyring.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det verken vil vere fornuftig eller mogleg å innføre trafikkregulerande tiltak av eit omfang som fører til ein vesentleg reduksjon på trafikken på noverande E39. Vegen vil framleis ha ein viktig lokal funksjon på strekninga, slik at det ikkje er ønskjeleg å innføre tiltak som forverrar situasjonen vesentleg. Vegen vil også framleis vere ein viktig kollektivtrase, og det er ikkje ønskjeleg å innføre tiltak som gir dårlegare framkome for bussane.

Situasjonen er litt annleis på fv. 163 over Fanafjellet. Etter SVV sine utrekningar vil denne vegen ha lågare trafikk enn i dag, sjølv med bom. Samstundes er det grunn til å peike på vegen har i dag låg standard, og også dagens trafikk er alt for stor i forhold til standarden på vegen. Vegen har høge ulukkestal. SVV viser også til at det er stor usikkerheit knytt til berekningane, og at det kan vere ein fare for at trafikken blir høgare enn det modellen viser.

Om det ikkje vert bom på sidevegane fv. 163 og noverande E39 vil det også svekke inntektsgrunnlaget for E39, og kunne føre til auka bompengerperiode og/eller auka takstar for dei som køyrer på ny E39 Svevatjørn - Rådal. Det kan også føre til at det vert naudsynt å løyse ut garantiansvaret for fylkeskommunen. Fylkesrådmannen vil også peike på at for å ivareta nytteprinsippet, er det lagt til grunn at noko av bompenginntektene skal avsetjast til utbetring av fv. 163.

Fylkesrådmannen meiner at dersom bom blir fjerna for fv. 163, vil det neppe vere aktuelt å bruke midlar til å utbetre vegen. I tillegg til at det ikkje er finansiering til prosjektet, er det også grunn til å peike på at utbetringar av vegen vil gjere det meir attraktivt å bruke denne vegen framfor ny E39 Svevatjørn - Rådal, noko som ytterlegare vil auke utfordringane på vegstrekninga.

Skal bom på sideveg fjernast, meiner fylkesrådmannen at staten må dekkje inntektstapet, samt at dei må ta risikoen ved bortfall av inntekter som følgje av bom på sideveg. I praksis kan dette skje ved at fylkeskommunen ikkje lenger kan vedstå seg garantiansvaret om bom på sideveg blir teke bort, noko som også fylkesutvalet i Hordaland gjorde vedtak om i september 2019, sjå ovanfor.

Men sjølv om staten dekkjer inntektstapet og tek risikoen ved bortfall av inntekter, meiner fylkesrådmannen at fjerning av bom på sidevegane til Rv. 555 Sotrasambandet og E39 Svevatjørn - Rådal vil ha såpass store negative samfunnsøkonomiske konsekvensar at det ikkje vert rådd til dette.

### **Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at det ikkje vert gitt tilslutning til å utgreie eit nytt bompengopplegg for Rv. 555 Sotrasambandet og E39 Svevatjørn-Rådal.